



Det Kongelige Miljøverndepartement
Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

Post -Sak - Arkiv

Saksh: Magne Inge Vårvik

Tlf: 53 65 65 21

Dato : 18.09.2009

Vår ref: 09/12563

Dykkar ref: 200802290 /mt

Arkiv: Gnr.Bnr-

**FORSLAG TIL STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR
DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONA LANGS SJØEN
- UTTALE FRÅ VINDAFJORD KOMMUNE**

Det vert vist til departementet sitt skriv datert 29.06.09 med oversending av ovannemnde sak for uttale.

Vidare vert det vist til vår e-post datert 04.09.09 med oversending av rådmannen sitt framlegg til vedtak i saka, og der vi opplyste at særutskrift av kommunestyret si handsaming ville verta sendt etter møtet.


Vindafjord kommunestyre handsama saka i møte 15.09.09, sak 049/09, og gjorde slikt vedtak:

Vindafjord kommune sluttar seg til Miljøverndepartementet si vurdering i Høyringsforslag datert 29.06.09 om å plassere Vindafjord kommune i den minst strenge kategori i "forslag til statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen."

Vindafjord kommune meiner vidare at det må leggjast meir vekt på lokal forvaltning og behov. Ei for streng forvaltning og bandlegging vil vere til hinder for lokal utvikling.

Særutskrift av kommunestyret si handsaming ligg ved.

Med helsing


Magne Inge Vårvik

Konsulent politisk sekretariat

Vedlegg.

Vindafjord kommune

SAKSPAPIR

SAKSGANG			
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Kommunestyret	15.09.2009	049/09	KJK

Avgjerd av: Saksansv.: Kjell Kjærland	Arkiv: Gnr.Bnr- Objekt:	Arkivsaknr 09/1628
--	----------------------------	-----------------------

FORSLAG TIL STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONA LANGS SJØEN - UTTALE FRÅ VINDAFJORD KOMMUNE

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	06.07.2009	Det Kongelige Miljøverndepartement	HØRING - FORSLAG TIL STATLIGE PLANRETNINGSLINJER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONEN LANGS SJØEN
3	U	04.09.2009	postmottak@md.dep.no,	FORSLAG TIL STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONA LANGS SJØEN - UTTALE FRÅ VINDAFJORD KOMMUNE

Saka gjeld:

HØYRING:

FORSLAG TIL STATLEGE PLANRETNINGSLINJER FOR STRANDSONA

SAKSUTGREIING:

Bakgrunn

Miljøverndepartementet har sendt til høyring eit forslag til statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen. Høyringsfrist er sett til 04.09.2009. Bakgrunnen ligg i ny plan- og bygningslov. Forbodet mot bygging i strandsona er strama inn, likeeins reglane for å dispensere. Ved behandling av lova vart det sett som ein føresetnad at statlege planretningslinjer skulle utarbeidast.

Formålet er med retningslinjene skal vere å hindre uheldig nedbygging i 100-m-beltet, samtidig som det skal leggjast til rette for berekraftig lokal utvikling basert på ulike natur- og kulturgitte forhold.

Oslofjordregionen har sine retningslinjer frå før (RPR). Dei skal framleis gjelde. Men verknadsområdet blir nå utvida til å gjelde heile kysten rundt Sørlandet, 14 kommunar i Rogaland, 15 i Hordaland, 3 i Møre og Romsdal, 10 i Sør-Trøndelag og 6 i Nord-Trøndelag. I resten av kystkommunane i landet blir presset oppfatta som mindre, og dei får difor planretningslinjer som er noko mindre strenge.

Vindafjord er plassert i den minst strenge kategorien. Dei andre Rogalandskommunane som er plassert i same kategori er Bokn, Forsand, Gjesdal, Hjelmeland, Kvitsøy, Sauda, Suldal og Utsira. I Sunnhordlansbassenget er Etne plassert i same kategori.

Rogalandskommunar som er plassert i strengaste kategori er Tysvær, Hugesund, Karmøy, Rennesøy, Finnøy, Strand, Randaberg, Sola, Stavanger, Sandnes, Klepp, Hå, Eigersund og Sokndal.

Retningslinjene

Dei statlege retningslinjene gjeld for alt areal i 100 m-beltet. Det meste av innhaldet gjeld i praksis også i dag, det handlar mykje om vektlegging. Nokre av omsyna som blir framheva er:

- Verdiar som gjeld natur, kulturminne og rekreasjon skal forvaltast som ein ressurs av nasjonal interesse.
- Utbygging bør så langt som mogleg konsentrerast til eksisterande tettstader. Grunnlaget for allmenn rekreasjon skal sikrast og styrkjast.
- Arealet i 100 m-beltet skal inndelast i 3 kategoriar, og dette bør gjerast i kommuneplanen:
 1. Byggeområde: Bustader, næringsbygg og tilhøyrande bygningar og anlegg bør leggjast til eksisterande tettstader. Vektleggje samanhengande grøntstruktur. Klare grenser mellom byggeområde og område der det ikkje skal byggjast.
 2. Opne område: Her skal det vere ei langsiktig forvaltning som dannar grunnlag for landbruk, vern og allmenn rekreasjon.
 3. Strandsone: (Her avgrensa til område i overgang sjø/land, og areal med bruksmessig eller økologisk direkte tilknytning til det.) Omsyn til allmenn rekreasjon skal vektleggast sterkt i forhold til bustad- og fritidseigedommar. I soner med høg biologisk produksjon, som gruntvassområde, verdifulle biotopar, spesielle landskapsområde etc, skal omsynet til naturmiljø vektleggast sterkt i forhold til friluftsliv og båtferdsel. Kollektive ferieanlegg skal nøyte tilpassast lokale forhold. Oppføring av nye fritidshus bør som hovudregel ikkje tillatast.

Retningslinjer i kommunar der det er mindre press (resten av landet)

For desse kommunane er vektlegginga noko annleis. Her vil kommunane i større grad kunne planleggje utbygging også i 100 m-beltet. Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, f eks satsing på reiseliv og turisme, skal kunne tilleggast større vekt, sjølv om ein også her må vege det opp imot allmenne interesser.

Rådmannen si vurdering

Dei nye generelle retningslinjene inneber for kommunar som kjem i den strengaste kategorien at dei misser meir av råderetten over sine egne areal. Dette er bekymringsfullt, fordi kommunane sit med lokalkunnskap både om kulturlandskap og næringsliv. Rådmannen meiner at prinsippet om lokal råderett må vernast om så langt råd, og at kommunane i utgangspunktet sjølv er best i stand til å vurdere kva som er ei berekraftig utvikling i dei ulike delane av kommunen.

Rådmannen er samd med den vurdering departementet har gjort med omsyn til å plassere Vindafjord i den minst strenge klassen.

Næringsutvikling og arbeidsplasser er satsingsområde for Vindafjord kommune. Turisme som næring/tilleggsnæring er vektlagt i kommunen sitt satsingsområde og er også synleggjort i kommunen sin overordna plan (Samfunnsdel av K-plan).

Dersom retningslinjene blir vedtatt, slik det nå blir lagt opp til, inneber dette at Vindafjord kommunen i mindre grad vert råka av den innskjerpinga som ligg nedfelt i generelle retningslinjene for forvaltning av strandsona, og dei negative konsekvenser dette måtte medføre for ei vidare utvikling av m.a. næringslivet.

Etter rådmannen si vurdering vil kommunen etter skissert løysing kunne videreføre dagens praksis når det gjeld forvaltning av strandsona og nytta desse ressursene til å styrking og videreføring av ei positiv utvikling av lokalsamfunn.

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Vindafjord kommune sluttar seg til Miljøverndepartementet si vurdering i Høyringsforslag datert 29.06.09 om å plassere Vindafjord kommune i den minst strenge kategori i "forslag til statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen."

15.09.2009 KOMMUNESTYRET

Terje Halleland foreslo for Frp:

Forslag til høyringsuttale frå Vindafjord kommune:

Vindafjord kommune er samd i at det må ei differensiert forvaltning av strandsona til i Noreg, men stiller seg ikkje bak dei kriteria som nå ligg frå miljøverndepartementet.

Vindafjord kommune presiserer at det i dei aller fleste faktiske tilfelle slett ikkje dreier seg om "strand", men om kystlina i alle kystkommunar i heile vårt langstrakte land.

Vindafjord kommune er ikkje samd i at det må gjennomførast ei sterkare geografisk differensiering, der vernet vert gjort generelt og lite gjennomtenkt strengare i sentrale område, og tilsvarende lite gjennomtenkt og friare i andre område.

Vindafjord kommune meiner at kommunane sjølv må kunne prioritere kva område ein ser som sårbare og ikkje skal kunne byggjst ut, og kva område som eignar seg for utvikling og ny vekst. Vilkårlegheita i høyringa der eit sentralt organ detaljdefinerer kvar éinskild kommune, er sentral detaljstyring og forskjellsbehandling av kommunar som er like, er uakseptabelt. I nokre kommunar kan det liggje til rette for utbygging i nokre delar, mens ein i andre delar ikkje skal tillate utbygging. Dette tar høyringa overhodet ikkje høgde for.

Vindafjord kommune ser at busetnad i strandsona er og har vore ein nøkkel til busetnad og etablering av nye arbeidsplassar i heile landet gjennom vår historie. Mange av kjerneområda i landet for busetnad og arbeidsplassar ville rett og slett vore utmark dersom dagens høyringsnotat ville eksistert på eit tidligere tidspunkt.

At praksisen i dispensasjonssaker skal vere streng i område der presset på areal er stort, er faktisk negativt, då det er rett og slett ønskjeleg med klynger og felles nyskaping i næring, bustad og infrastruktur. At ein bygger ut næring og bustad i område der dette er eigna vil føre til press i éinskilde lokalsamfunn, og det er feil å kalle eit kvart nytt press for negativt. Mange kommunar treng faktisk meir aktivitet, ikkje mindre. Og då må dei lokale folkevalde sjølv kunne avgjere om ein skal bygge ut eller ikkje.

Vindafjord kommune seier nei til hovudtenkinga i høyringa.

Ordførar Arne Bergsvåg og Steinar Skartland foreslo for Sp og Krf:

Vindafjord kommune meiner vidare at det må leggjast meir vekt på lokal forvaltning og behov. Ei for streng forvaltning og bandlegging vil vere til hinder for lokal utvikling.

KS-049/09 VEDTAK MED 22 RØYSTER:

Rådmannen sitt framlegg vedtak.

3 (Frp) røysta for Frp (Halleland) sitt forslag.

VEDTAK SAMRØYSTES:

Sp og Krf (ordførar Bergsvåg og Skartland) sitt forslag.

KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK:

Vindafjord kommune sluttar seg til Miljøverndepartementet si vurdering i Høyringsforslag datert 29.06.09 om å plassere Vindafjord kommune i den minst strenge kategori i "forslag til statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen."

Vindafjord kommune meiner vidare at det må leggjast meir vekt på lokal forvaltning og behov. Ei for streng forvaltning og bandlegging vil vere til hinder for lokal utvikling.



Det Kongelige Miljøverndepartement
Postboks 8013 Dep

0030 OSLO

Post -Sak - Arkiv

Saksh: Magne Inge Vårvik

Tlf: 53 65 65 21

Dato : 18.09.2009

Vår ref: 09/12563

Dykkar ref: 200802290 /mt

Arkiv: Gnr.Bnr-

**FORSLAG TIL STATLEGE PLANRETNINGSLINER FOR
DIFFERENSIERT FORVALTNING AV STRANDSONA LANGS SJØEN
- UTTALE FRÅ VINDAFJORD KOMMUNE**

Det vert vist til departementet sitt skriv datert 29.06.09 med oversending av ovannemnde sak for uttale.

Vidare vert det vist til vår e-post datert 04.09.09 med oversending av rådmannen sitt framlegg til vedtak i saka, og der vi opplyste at særutskrift av kommunestyret si handsaming ville verta sendt etter møtet.

Vindafjord kommunestyre handsama saka i møte 15.09.09, sak 049/09, og gjorde slikt vedtak:

Vindafjord kommune sluttar seg til Miljøverndepartementet si vurdering i Høyringsforslag datert 29.06.09 om å plassere Vindafjord kommune i den minst strenge kategori i "forslag til statlige planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen."

Vindafjord kommune meiner vidare at det må leggjast meir vekt på lokal forvaltning og behov. Ei for streng forvaltning og bandlegging vil vere til hinder for lokal utvikling.

Særutskrift av kommunestyret si handsaming ligg ved.

Med helsing


Magne Inge Vårvik

Konsulent politisk sekretariat

Vedlegg.